



Basen Hagatunet med ein samla funksjon for ulike helsetenester har vore optimalt vellukka. No kan det bli ei endring.

Uskedal utvikling er godt nøgd med interessa og frammøte av kommunale tenestefolk med ansvar for kvar sine einingar innan heimebaserte helsetenester og sjukheimesplassar. Rita Arneberg, Ellen Korsvoll og Leif Kongestøl har alle meldt frå om at dei kjem til møte i Uskedalen onsdag kl. 19 i Gamleskulen. Det vert ei generell innføring i kommunen sitt tenestetilbod i dag og kva som kan bli endra ved ei omorganisering.

Det som vert kalla for basestrukturen er ein del av drøftinga på møte. Basen Hagatunet har til no hatt ein samla funksjon for funksjonshemma og heimebaserte helsetenester. Funksjonen har vore optimal vellukka. No ser det ut til å verta ei endring. Tenesta for funksjonshemmeta (PU) vert lagt Herøysundet med Rita Arneberg som gruppeleiar. Einingsleiar Ellen Korsvoll vil ha ansvaret for heimesjukepleien. Tenesta skal frammøte og administrerast på Rosendalstunet.

Leif Kongestøl som har vore leiar for Rosendalssona, skal no vera einingsleiar for Rosendalstunet. Kongestøl vil i si innleiing sei noko om tenesta, talet brukarar no og i framtida, økonomiske rammer og kva utfordringar vi står overfor i eldreomsorga i åra framover.

Uskedal utvikling reknar med eit godt frammøte. Det er viktig å førebu gode spørsmål ein ynskjer svar på.

Tekst(foto/nett: Kristian Bringedal